



Møteinnkalling

Utval:	Eidfjord kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Eidfjord kommunehus, Kommunestyresalen
Dato:	10.02.2022
Tid:	09:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved å ringa Kjartan Haugsnes tlf. 901 89 542 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Jostein Hovland
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Kommunedirektør/Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/22	Godkjenning av møteprotokoll	033	
	Politiske saker		
PS 1/22	Vestlandsrevisjon IKS presenterer interimsrevisjonsrapport 2021	216	
PS 2/22	Forvaltningsrevisjon kommunen si rolle i næringsutvikling, løypemelding	217	
PS 3/22	Årsmelding for kontrollutvalet 2021	004	
PS 4/22	Møteplan 2022	033	
PS 5/22	Eventuelt	219	
	Referat saker		
RS 1/22	SV: Frå kontrollutvalet	151	

GK 1/22 Godkjenning av innkalling og sakliste



Saksframlegg

Saksnr: 2022/153-1
Saksbehandlar Kjartan Haugsnes
:

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Eidfjord kommune, Kontrollutvalet	2/22	10.02.2022

Godkjenning av møteprotokoll

Forslag til vedtak

Protokoll frå møte 25.11.2021 vert godkjent.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Protokoll kontrollutvalet i Eidfjord 251121



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet i Eidfjord kommune
Møtestad:	Kommunestyresalen, Kommunehuset i Eidfjord
Dato:	25.11.2021
Tid:	09:00 - 13:00

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jostein Hovland	Leiar	AP
Kjell Ove Tveit	Nestleiar	
Haldis Myrvang Riber	Medlem	AP
Anita Fredheim Limstrand	Medlem	
Kari Lægreid	Medlem	

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Andre som møtte:

Namn	Stilling
Kjartan Haugsnes	Seniorrådgjevar Vestland fylkeskommune
Geir Underhaug	Rådmann (Til PS 40/21-45/21)
Anders Vatle	Ordførar (Til PS 40/21-45/21)
Elin Bye	Oppdragsansvarleg revisor Vestlandsrevisjon IKS
Arne Gilbakken	Forvaltningsrevisor Vestlandsrevisjon IKS

Jostein Hovland
utvalsleiar

Kjartan Haugsnes
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 11/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 12/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 04.10.21	2020/65	
	Politiske saker		
PS 40/21	Orientering frå ordførar/rådmann, spørsmål om kloakkutslepp på Halne.	2020/69	
PS 41/21	Orientering frå rådmann, ny brannstasjon.	2020/69	
PS 42/21	Orientering frå rådmann, Innsynsportalen – kontroll og rutinar i høve personvern og andre teiepliktige opplysningar.	2020/69	
PS 43/21	Orientering frå rådmann, Mat til skule og barnehageborna i Eidfjord.	2020/69	
PS 44/21	Orientering frå rådmann, Journalpost og dagsetting.	2020/69	
PS 45/21	Oppfølging selskapskontroll eigarstyring	2018/6	
PS 46/21	Forvaltningsrevisjon kommunen si rolle i næringsutvikling, løypemelding.	2021/8	
PS 47/21	Vestlandsrevisjon presenterer revisjonsstrategi for Eidfjord kommune 2021	2020/68	
PS 48/21	Møteplan, første møte i 2022	2020/67	
	Referatsaker		
RS 20/21	Vedtak i kommunestyret, forvaltningsrevisjon ny sjukeheim	2017/44	
RS 21/21	Årsmelding mobbeombod Vestland fylkeskommune	2020/69	
	Politiske saker		
PS 49/21	Eventuelt	2020/69	

Godkjenningssaker

GK 11/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 25.11.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 12/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 04.10.21

Forslag til vedtak

Protokoll frå møte 04.10.21 vert godkjent.

Saksprotokoll 25.11.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 04.10.21

Vedtak

Protokoll frå møte 04.10.21 vart godkjent

Politiske saker

PS 40/21 Orientering frå ordførar/rådmann, spørsmål om kloakkutslepp på Halne.

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 25.11.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Ordførar Anders Vatile og rådmann Geir Underhaug orienterte utvalet og svarte på spørsmål.

Toalett - Halnekongen.

- Punktutslepp kloakk i Halnefjorden
- Tett/full tank - driftsansvarleg pumpa ut i Halnefjorden som eit frostsikringstiltak (I staden for å tømme med slamsugar)
- Kommunen vurderte at dette ikkje var noko dei kunne gjere noko med i akuttfasen. Kommunen gjev ikkje utsleppsløyve - då dette er tett tank.
- Politiet avblåste si utrykking - men kommunen har anmeldt forholdet. Forholdet vart ilagt bot. Denne er vedteken.

Halne fjellstuggu

- Sendt krav om retting etter funn av forureining.
- Status idag - bygd nytt renseanlegg, gammalt anlegg er fråkopla.
- Norges Miljøvernforbund har og anmeldt forholdet, denne anmeldelsen er henlagt.

Forslag til vedtak var samrøystes

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 41/21 Orientering frå rådmann, ny brannstasjon.

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 25.11.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Rådmann Geir Underhaug orienterte.

- Prosjektrekneskap vart vedteke i kommunestyret 25.10.21
- 24,8 mill + mva (Overforbruk 480 000 kr)
- Godt gjennomført prosjekt og brannstasjonen er godkjent av arbeidstilsynet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 42/21 Orientering frå rådmann, Innsynsportalen – kontroll og rutinar i høve personvern og andre teiepliktige opplysningar.

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 25.11.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Rådmann Geir Underhaug orienterte.

- Avvik i høve personopplysingar på innsynsportalen. (Låg ute i tre timar)
- Kommunen meldte sjølv inn til datatilsynet
- Rutinar for utsending vart ikkje følgt - det har vore gjennomgang av rutinar etter.
- Kommunen vurderer endring i tekniske løysingar
- Datatilsynet er ferdig med saka og kommunen har ikkje fått bot.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 43/21 Orientering frå rådmann, Mat til skule og barnehageborna i Eidfjord.

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering

Saksprotokoll 25.11.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Rådmann Geir Underhaug orienterte

- Nytt kjøkken på sjukeheim skulle/kunne levere mat til skulen.
- Utgangspunktet var vedtak om at ein skulle levere mat i eigenregi.
- Dette vart vurdert som for omfattande og formannskapet gjorde vedtak om at matlevering vart lyst ut på anbod.
- Ein leverandør leverte tilbod, og matordninga er no igang igjen etter korona.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 44/21 Orientering frå rådmann, Journalpost og dagsetting.

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 25.11.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Rådmann Geir Underhaug orienterte og svarte på spørsmål.

- Journaldato og brevdato er ulike. Journaldato viser til oppretting av sak ikkje til når dokumenta vart sendt.
- Søknad som omtalt vart sendt etter kommunestyret sitt vedtak.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

PS 45/21 Oppfølging selskapskontroll eigarstyring

Forslag til vedtak

1. Informasjonen vart teken til orientering.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om ny skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet på oppfølging av kommunestyret sitt vedtak i PS 20/046 innan 01.04.2022

Saksprotokoll 25.11.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Rådmann Geir Underhaug orienterte.

- Ny eigarstrategi vart vedteke i kommunestyret i desember 2020
- Del av punkta i selskapskontrollen er med i eigarstrategien.
- Handlingsplanen ligg ved
- Innspel frå kontrollutvalet - opplæring for medlem i styra bør skje innan eit år etter val.
- Det vil kome forslag frå administrasjonen å legge dette inn i planstrategien.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Informasjonen vart teken til orientering.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om ny skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet på oppfølging av kommunestyret sitt vedtak i PS 20/046 innan 01.04.2022

PS 46/21 Forvaltningsrevisjon kommunen si rolle i næringsutvikling, løypemelding.

Forslag til vedtak

1. Informasjonen vart teken til orientering.
2. Kontrollutvalet ønskjer at endeleg revisjonsrapport, ferdig verifisert og inkludert rådmannen sin uttale, kan handsamast i kontrollutvalet sitt første møte i 2022.

Saksprotokoll 25.11.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Revisjonen ba om at orienteringa vart halde i lukka møte.

Etter sams drøfting i utvalet vart møtet lukka etter kommunelova § 11-5b, jfr. Offentleglova § 5 første ledd.

Arne Gilbakken frå Vestlandsrevisjon IKS delte ut dokument og orienterte utvalet.

- Trend: Det vert færre saker, men sakshandsamingstida aukar.
- Nabokommunane, Hol, Voss og Ulvik har vesentleg kortare behandlingstid, utan at tilgjengeleg ressursar er undersøkt.
- Indikasjonar på at rettleiingsplikta - god forvaltningsskikk har utfordringar.
- Innspel som er motteke vert utarbeide som punktliste.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Informasjonen vart teken til orientering.
2. Kontrollutvalet ønskjer at endeleg revisjonsrapport, ferdig verifisert og inkludert rådmannen sin uttale, kan handsamast i kontrollutvalet sitt første møte i 2022.

PS 47/21 Vestlandsrevisjon presenterer revisjonsstrategi for Eidfjord kommune 2021

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2021 frå Vestlandsrevisjon IKS til orientering.

Saksprotokoll 25.11.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Elin Bye frå Vestlandsrevisjon IKS orienterte og svarte på spørsmål.

- Har revisjonen sett på koronamidlane?
Revisor har ikkje sett på dette spesielt.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2021 frå Vestlandsrevisjon IKS til orientering.

PS 48/21 Møteplan, første møte i 2022

Forslag til vedtak

1. Første møte i kontrollutvalet i Eidfjord vert fredag 04.02.2022
2. Endeleg møteplan for kontrollutvalet 2022 vert handsama i første møte.

Saksprotokoll 25.11.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Forslag til vedtak med endring av møtedato vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Første møte i kontrollutvalet i Eidfjord vert torsdag 10.02.2022
2. Endeleg møteplan for kontrollutvalet 2022 vert handsama i første møte.

Referatsaker

RS 20/21 Vedtak i kommunestyret, forvaltningsrevisjon ny sjukeheim

Saksprotokoll 25.11.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Referatsaka vart teken til orientering

Forslag til vedtak var samrøystes

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering

RS 21/21 Årsmelding mobbeombod Vestland fylkeskommune

Saksprotokoll 25.11.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Referatsaka vart teken til orientering

Forslag til vedtak var samrøystes

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering

Politiske saker

PS 49/21 Eventuelt

Forslag til vedtak

Ikkje framlagt

Saksprotokoll 25.11.2021 - Kontrollutvalet i Eidfjord kommune

Handsaming i møte

Ingen saker meldt

Vedtak

Ingen saker meldt



Saksframlegg

Saksnr: 2022/165-1
Saksbehandlar Kjartan Haugsnes
:

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Eidfjord kommune, Kontrollutvalet	1/22	10.02.2022

Vestlandsrevisjon IKS presenterer interimrevisjonsrapport 2021

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2021 for Eidfjord kommune frå Vestlandsrevisjon IKS til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at Vestlandsrevisjon IKS skal presentere resultatet av den gjennomførte interimrevisjonen i Eidfjord kommune for rekneskapet 2021.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Interim_Eidfjord_kommune_2021

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Eidfjord kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen, jf. kommunelova § 23-2, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte»*

Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, jf. forskrift om kontrollutvalg § 3, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
b) rekneskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor
c) rekneskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at dei skal sjå til at rekneskapen vert revidert på ein betryggende måte og halde seg løypande orientert om revisjonsarbeidet, jf. kommunelova § 23-2 og forskrift om kontrollutval og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

I møte i kontrollutvalet 25.11.2021 orienterte Vestlandsrevisjon IKS om sin revisjonsplan, om rekneskapsrevisjonen så langt i 2021.

I dette møtet skal dei presentere oppsummeringa av arbeidet med interimrevisjon. Presentasjonen av denne oppsummeringa, vil på same måte som presentasjon av revisjonsplan og risikovurdering for etterlevingskontroll, vera eit ledd i å sjå til at Eidfjord kommune sine rekneskarar vert revidert på ein betryggende måte og at Eidfjord kommune har ei forsvarleg revisjonsordning.

På bakgrunn av det som kjem fram i presentasjonen bør kontrollutvalet, slik sekretariatet ser det, få høve til å kome med forslag til fokusområde i årsoppgjersrevisjonen som skal gjennomførast framover, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som avgjer kva dei skal sjå på.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar oppsummeringa etter interimrevisjonen for 2021 frå Vestlandsrevisjon IKS til orientering.

Til kontrollutvalget i Eidfjord kommune

Kopi:
Kommunedirektør
Økonomisjef

Voss, 27. januar 2022

REVISJONSRAPPORT INTERIM 2021

Me har gjennomført interimsrevisjon i Eidfjord kommune. I samband med dette har me nokre kommentarar til utført arbeid.

Gjennom hausten og vinteren har me oppdatert våre tidlegare kartlagde rutinar og implementerte kontrollar hjå kommunen. For å bygge på kommunen sine interne kontrollhandlingar, innhentar me revisjonsbevis for at rutinane og dei implementerte kontrollane fungerer tilfredsstillande. Dette gjer me ved blant anna bruk av utvaldsbasert testing.

På rekneskapsområde der me meiner kommunen sine rutinar kan vera svake, eller at det vil vera meir effektivt, vil me teste detaljar, noko som medfører eit større omfang av kontroll av rekneskapsdata. Hensikten er å gje oss tilfredsstillande sikkerheit for at det ikkje oppstår vesentlege feil i rekneskapen.

Nedanfor har me summert opp våre erfaringar frå interimsrevisjonen.

Test av kontrollar

Kommunen driv ein mangearta og kompleks verksemd med mange transaksjonar. Det er derfor svært viktig at det er etablert god økonomisk intern kontroll og at dei etablerte kontrollane fungerer som tiltenkt.

For å forsikre oss om at internkontrollen fungerer, har me i haust testa følgjande kontrollar:

- attestasjon og tilvisning knytt til innkjøp (både innan drift og investering).
- variabel løn, herunder reiserekningar.
- avstemmingar knytt til bank, skattetrekk, arbeidsgjevaravgift og sjukepengerefusjonar, meirverdiavgift og meirverdiavgiftskompensasjon.
- når det gjeld inntektssida og brukarbetalingar har me kontrollert fakturagrunnlag mot faktura på barnehage og SFO.

I hovudtrekk har våre kontrollar ikkje avdekket vesentlege feil. Me meiner derfor at kommunens interne kontroll, med nokre unntak, fungerer tilfredsstillande.

Test av detaljar løn

Me har gjennomgått kommunen sine rutinar knytt til attestering og tilvisning av variabel løn og reiserekningar, samt kontrollert om dokumentasjon av desse syner at utgifta er gyldig og at rette satsar er nytta.

Resultatet av kontrollen syner at kommunen for det meste har gode rutinar for attestering og tilvising av variabel løn og reiserekningar. Avdekka avvik syner seg å komme frå dei same tenestoområda. Dette indikere at rutinen ikkje er like godt innarbeid alle stader.

Det er til dels variert utføring av attestasjon av leiarkontroll på lønskøyning før utbetaling av løn. Vår test av to tilfeldige i månader syner at i den eine månaden vart fem lønskøyningar tilviste/signerte, og i den andre månaden var det 15 lønskøyningar som vart tilviste/signerte før utbetaling. Me legg til grunn at det i kvar månad er sannsyn for likt tal på lønskøyningar. Revisjonen ser på funna som potensiale til forbetring, og er noko uroa for at kommunen kan gjera utbetalningar på feil grunnlag.

Test av fakturering

For å sikre at alle inntekter kjem med i rekneskapen er det viktig at det er etablert gode interne kontroll rutinar. Dette for å sikre at grunnlaget for fakturering er riktig og at data vert korrekt registrert i rekneskapen. Kommunen har ikkje etablert rutinar som enkelt lar seg etterprøve. Vår oppleving er at arbeidsdelinga og etablerte rutinar for fil-delning og oppdatering av data, gjer sannsynet for vesentlege feil og manglar, låg. Me har ikkje avdekka vesentlege feil eller manglar i vår gjennomgang av rutinar for fakturering av SFO og barnehage.

Test av utgifter

For å sikre at utgifter vedkjem kommunen er det innført to-steps signatur for godkjenning og tilvising til betaling. Våre kontrollar syner at dette fungerer godt. Me har ikkje funne noko å rapportere her.

Investeringsprosjekt

Me har fått ei orientering om dei ulike investeringsprosjekta av administrasjonen. Gjennomgangen gir indikasjoner på at det ser ut til å vera låg risiko for klassifiseringsfeil i investeringsrekneskapen.

Vår erfaring er at det er noko svak dokumentasjon knytt til kvifor eit prosjekt vert klassifisert som investeringsprosjekt. Me rår til at ein allereie i budsjettprosessen konkret vurderer prosjekta i høve til gjeldande rekneskapsstandardar og dokumenterer vurderinga som er gjort. Dette vil etter vårt syn gjere det lettare å avklare eventuelle tvilstilfelle og uklarheiter på eit tidleg tidspunkt og redusere risikoen for korreksjonar i ettertid.

Meirverdiavgift

Me har gjennomgått rutinar og analysert meirverdiavgift og meirverdiavgiftskompensasjon i høve til aktuelle tenestoområde og prosjekt i rekneskapen. Me har ikkje avdekka vesentlege feil med behov for korreksjonar i samband med gjennomgangen.

Hovudkonklusjon etter interimsrevisjon 2021

Ingen vesentlege feil er avdekka i løpet av revisjon, men kommunen kan verta betre på dokumentering av utførte interne kontrollhandlingar på løn og fakturering, samt dokumentasjon av kommunen si vurdering av investeringsprosjekt.

Årsavslutning

Me minne om at frist for å legge fram årsrekneskap er 22. februar og årsmelding den 31. mars. Kjem årsrekneskap og årsmelding til revisjonen innan fristen, vil me kunne legge fram vår revisjonsmelding innan 15. april 2022. Me syner til informasjon som er gitt i skriv til administrasjonen i e-post 23. desember 2021. Avlagt rekneskap inneber at balanseavstemmingar og underdokumentasjon er på plass. Me tek atterhald om eventuelle forseinkingar grunna koronapandemien.

Med venleg helsing,

Vestlandsrevisjon IKS

Elin Bye

Statsautorisert revisor og oppdragsansvarleg

(elektronisk signert)

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Elin Bye

Statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5993-4-1740859

IP: 85.200.xxx.xxx

2022-01-27 19:47:09 UTC



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>



Saksframlegg

Saksnr: 2022/168-1
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Eidfjord kommune, Kontrollutvalet	2/22	10.02.2022

Forvaltningsrevisjon kommunen si rolle i næringsutvikling, løypemelding

Forslag til vedtak

1. Informasjonen vart teken til orientering.
2. Kontrollutvalet ønskjer at endeleg revisjonsrapport, ferdig verifisert og inkludert rådmannen sin uttale, kan handsamast i kontrollutvalet sitt andre møte i 2022.

Samandrag

Denne saka er lekk i oppfølging av forvaltningsrevisjon, kommunen si rolle i næringsutvikling. Her kan revisjonen halde utvalet oppdatert på arbeidet gjennom milepæls/løype orienteringar.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Eidfjord kommune gjorde slikt vedtak i møte 04.02.2021, PS 4/21:

1. Kontrollutvalet ber Vestlandsrevisjon IKS gjennomføre forvaltningsrevisjon av kommunen si rolle i næringsutvikling, handsaming av plan og byggesaker med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og eventuelle innspel som kjem fram i møtet.
2. Kontrollutvalet mottok milepælsorienteringar frå revisor i kvart møte. Ved utarbeiding av delrapportar i prosjektet vert desse handsama undervegs.
3. Kontrollutvalet ønskjer at endeleg revisjonsrapport, ferdig verifisert og inkludert rådmannen sin uttale, kan handsamast i kontrollutvalet sitt siste møte i 2021

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel kommunestyret som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Forvaltningsrevisjonen har slikt føremål og slike problemstillingar:

Føremål:

Sjå på næringsutvikling knytt til plan og byggesaker i Eidfjord kommune.

1. Organisering av plan- og byggesaker

Her inngår fylgjande tema:

- Organisering
- Rollar og ansvar
- Myndigheit
- Ressursar
- Kompetanse

2. Kommunen sine reglement og rutinar for handsaming av plan- og byggesaker

Her inngår fylgjande tema:

- Delegering
- Habilitet
- Kvalitetssikring

3. Er saksbehandlinga i byggesaker i tråd med god forvaltningsskikk og gjeldande regelverk innan plan- og byggesaksområdet ?

Me vil gjennomgå eit utval byggsaker og kontrollera:

- Etterleving av kommunen sine saksbehandlingsrutinar
 - Veiledning og service til byggjesøkjarane
 - Etterleving av planverk
 - Disposisjonssøknader
-
- Vedtak og svargjeving
 - Sakshandsamingsfristar
 - Tilsyn og ferdigattest
 - Klagebehandling
 - Saksgrunnlag for politisk behandling
 - Arkivrutinar

I møtet 04.10.2021 orienterte revisjonen om følgjande (utdrag frå protokoll)

Elin Bye frå Vestlandsrevisjon IKS orienterte utvalet.

- Revisor har fått tilgang til alt dei har bedt om.
- Rapporten er i rute.

Sekretariatet mottok slik epost frå Vestlandsrevisjon IKS ved Arne Gilbakken 04.11.21:

«Eg arbeider med rapporten om byggesakshandsaming i Eidfjord. Så langt finn eg lite å kritisera på organisering, avklarte rollar og ansvar. Reglement og rutiner er nedskrevne og laga i 2018. Truleg finn eg også lite å peika på i forhold til det juridiske grunnlaget i vedtaka som me ser på. Det som likevel er klare signal frå fleire kjelder som eg intervjuar er spørsmålet om god forvaltningsskikk. Her finn eg svakheiter i reglementet og rutinane som ikkje nemner veiledningsplikta etter forvaltningslova eller førehandskonferansar etter PBL eller rett til munnleg avklaring etter Forvaltningslova §11.4

Eg ser eg treng meir tid for å utleida revisjonskriterium knytt til god forvaltningsskikk, då eg opplever tilbagemeldingane som alvorlege på dette punktet. Mellom anna har eit konsulentsekskap sagt at medarbeidarar kvir seg for å ta oppdrag i Eidfjord kommune på grunn av korleis dei vert behandla av byggesaksavdelinga. Andre private tiltakshavarar har ikkje høyrte frå kommunen sidan det vart sendt inn førespurnad om ei byggesak i 2020 osv.

Vil gjerne intervju ein større aktør til for å få inn erfaringar frå fleire aktørar.

Vonar de har forståing at her må me bruka noko meir tid og at det kan vera vanskeleg med å få rapporten ferdig til handsaming på neste møte.

Eg skal elles ha to eksamar på høgskulen i Innlandet no i november som har 6 dagars svarfrist kvar. Det er to fag eg tar innan «digitalisering og leiing» med tanke på kompetanseheving og framtidige revisjonar. I tillegg må eg innfri pålagte krav om kurs og vidareutdanning som forvaltningsrevisorane har.»

I møtet 25.11.2021 orienterte revisjonen om følgjande (utdrag frå protokoll)

Revisjonen ba om at orienteringa vart halde i lukka møte.

Etter sams drøfting i utvalet vart møtet lukka etter kommunelova § 11-5b, jfr. Offentleglova § 5 første ledd.

Arne Gilbakken frå Vestlandsrevisjon IKS delte ut dokument og orienterte utvalet.

- Trend: Det vert færre saker, men sakshandsamingstida aukar.
- Nabokommunane, Hol, Voss og Ulvik har vesentleg kortare behandlingstid, utan at tilgjengeleg ressursar er undersøkt.
- Indikasjonar på at rettleiingsplikta - god forvaltningsskikk har utfordringar.
- Innspel som er motteke vert utarbeide som punktliste.

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak:

1. Informasjonen vart teken til orientering.
2. Kontrollutvalet ønskjer at endeleg revisjonsrapport, ferdig verifisert og inkludert rådmannen sin uttale, kan handsamast i kontrollutvalet sitt første møte i 2022.

18.01.2022 mottok utvalsleiar og sekretariat slik epost frå revisjonen:

«Hei Jostein og Kjartan.

Som eg skreiv til Kjartan sist veke vart utkast til rapport sendt til rådmann på høyring. Me hadde eit høyringsmøte i ettermiddag med mål om handsaming på neste møte i KU. Det kjem fram fleire forhold i rapporten som er utfordrande for administrasjonen som krev meir tid å få drøfta oss i gjennom.

Mellom anna meiner rådmann at statistikken knytt til byggesaker som revisjonen har nytta i rapporten er feil. Me har brukt fleire tal frå ulike kostratabellar som er rapportert frå Eidfjord. M.a. viser ein tabell at det var rapportert 64 saker i 2020 som gjekk over tidsfristen. 10 saker var etter 12 vekers frist og 54 saker etter 3 vekers frist.

Me utgangspunkt i dei ti sakene på 12 vekers frist har me kontrollert me økonomi om det er utbetalt saksbehandlingsgebyr pga. fristoverskriding i tråd med lovkrav i pbl. Det var det ikkje. Her meiner adm. At statistikken er feil så vår vurdering og konklusjon er feil. Må venta nye tal frå adm. Med dokumentasjon på kva som er rett.

Elles har adm. utfordringar med tilbakemeldingar som er komme frå ulike søkjarar, konsulentar, utbyggjarar, grunneigarar etc. Tilbakemeldingane er i utgangspunktet delt inn etter reglar for god forvaltningsskikk i rapporten. Her er det trong for meir drøftingar og rådmann vil vurdere ulike grep. Rådmann ynskjer å kvalitetssikre eit par disp. vedtak som me har drøfta på generelt grunnlag i forhold til problematisering av nabovarsel, vurderingar og vedtak. Revisjonen har si tolking og Eidfjord kommune si tolking ut frå regelverk og presiseringar som departement og fylkesmann har gjort om dispensasjonsregelverket.

Det vert truleg eit av fleire oppfølgingsmøter med rådmann i slutten av neste veke.

Det vert difor ikkje mogleg å få ferdig rapporten til handsaming i februar. Dette betyr at me nok må bruka noko meir tid på denne utfordrande saka.

Eg trur også det er viktig at forholde er grundig drøfta og kvalitetssikra før handsaming i KU.»

Rapporten er med dette ikkje klar til handsaming i dette møtet, og det vert lagt opp til at revisjonen orienterer utvalet om arbeid og progresjon. I høve opprinneleg vedtak skulle rapporten vore handsama 25.11.2021. No kjem rapporten først til kontrollutvalet sitt andre møte i 2022.

Det er no omlag 12 månader sidan utvalet gjorde vedtak om prosjektet. På generelt grunnlag vil sekretariatet seie at ein forvaltningsrevisjon bør kunne leverast innan 8 månader, sjølv om uføresette hendingar, endra kompleksitet med meir gjer at dette ikkje er fasit. Når rapporten kjem til handsaming i kontrollutval og kommunestyre kan det ha gått omlag eit og eit halvt år.

Konklusjon

Med bakgrunn i epost frå revisjonen tilrår sekretariatet at det i dette møtet vert gjeve ei milepælsorientering og at handsaming av endeleg rapport vert gjort i andre møte i 2022.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/161-1
Saksbehandlar Kjartan Haugsnes
:

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Eidfjord kommune, Kontrollutvalet	3/22	10.02.2022

Årsmelding for kontrollutvalet 2021

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2021.

Samandrag

Sekretariatet har laga forslag til utvalet si årsmelding for 2021.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Årsmelding for KUV - Eidfjord 2021

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sekretariatet har utarbeida forslag til årsmelding for kontrollutvalet 2021. Årsmeldinga er ein lekk i rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sjå kommunelova § 23-5 som seier:

«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget. I saker som skal oversendes til kommunestyret eller fylkestinget, skal kommunedirektøren gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler saken.»

Vedtakskompetanse

Kommunestyret, jf. Kommunalova § 23-5

Vurderingar og verknader

Ettersom årsmeldinga også fungerer som ei rapportering til kommunestyret, vert det lagt opp til endeleg handsaming av årsmeldinga der.

Revisjonen er ikkje blitt utfordra på å laga eiga årsmelding om oppdraget i Eidfjord kommune. Resultatet av revisjonsarbeidet går fram av revisjonsmeldinga som følgjer rekneskapen, brev og gjennom andre revisjonsrapportar som vert lagt fram for kontrollutvalet.

Konklusjon

Sekretariatet sitt forslag til innstilling er at årsmeldinga vert godkjent.



ÅRSMELDING 2021 FOR KONTROLLUTVALET I EIDFJORD KOMMUNE



1. Føremål og oppgaver for kontrollutvalet.

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. I «Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar» finn ein i kap. 3 «Alminnelige regler om kontrollutvalgets ansvar og oppgaver». I § 4 står det mellom anna:

«Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret, herunder påse at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»

I kommunelova § 23-2 står det m.a.:

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i*
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)*
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp. at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.*

2. Samansetnad av utvalet i valperioden 2019 – 2023

Medlem	Varamedlem
Leiar, Jostein Hovland	1. Liv Myklatun
Nestleiar, Kjell Ove Tveit	2. Arnulf Indrebø
Medlem, Haldis Myrvang Riber	3. Rine Eknes
Medlem, Kari Lægreid	4. Arne G Bu
Medlem, Anita Fredheim Limstrand	

I følgje lova skal minst ein av medlemmane i kontrollutvalet og vera medlem av kommunestyret. Kari Lægreid har fast sete i kommunestyret.

3. Om verksemda til kontrollutvalet i 2021

- Kontrollutvalet hadde 4 møter og handsama 49 saker.
- To av møta vart gjennomført som fjernmøte
- Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet.
- Rådmann og andre frå administrasjonen har møtt når dei har vore innkalla.
- Revisjonen har og møtt på møta i kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det vart bede om.

4. Sekretariatsordninga

I kommunelova § 23-7 står det at kommunestyret skal sørgja for sekretærbistand til kontrollutvalet som tilfredsstiller utvalet sitt behov. Sekretærfunksjonen kan ikkje leggest til kommunen sin administrasjon.

Utdrag frå kommunelova § 23-7:

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalget får sekretariatsbistand som tilfredsstiller utvalgets behov. Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt. Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens administrasjon og av den eller de som utfører revisjon for kommunen.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Eidfjord kommune. Kjartan Haugsnes har vore sekretær på alle møta i 2021.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune er også sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvala i desse kommunane (utanom Eidfjord): Stord, Bømlo, Fitjar, Tysnes, Austevoll, Ulvik, Kvinnherad, Kvam, Ullensvang, Bjørnafjorden, Øygarden, Samnanger, Vaksdal og Askøy. I tillegg utfører sekretariatet også sekretærfunksjonen for kontrollutvalet i Bergen Kirkelige Fellesråd.

5. Revisjonstenesta

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er à jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

Vestlandsrevisjon IKS er revisor for Eidfjord kommune. Vestlandsrevisjon IKS har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Til dagleg er det den valde revisor som utfører kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørar. Ansvarleg revisor har vore Elin Bye. Arne Gilbakken har hatt ansvaret for forvaltningsrevisjon. Begge har i tråd med regleverket lagt fram eigenvurdering for at Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve til Eidfjord kommune.

6. Forvaltningsrevisjon.

Ei av dei viktigaste oppgåvene til kontrollutvalet er å gjennomføre forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd samt med selskap der kommunen har eigarinteresser, og er ei av utvalet sine lovpålagde oppgåver. Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbygarane sine behov og rettar.

I kommunelova § 23-2 står det:

Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres forvaltningsrevisjon med kommunens virksomhet samt med selskaper som kommunen har eierinteresser i.

Det står vidare i kommunelova § 23-3:

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

7. Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024

Kommunen skal, etter lova, utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon slik at gjennomføring av forvaltningsrevisjon vert utført på ein planmessig måte og for å sikre at kommunestyret vel ut dei mest relevante prosjekta. Planen skal vere basert på ein risiko- og vesentlegvurdering.

I kommunelova § 23-2 står det:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.”

Plan for forvaltningsrevisjon blei vedteken i kommunestyremøte 16.11.2020

8. Gjennomførte forvaltningsrevisjonar

8.1 Forvaltningsrevisjon ny sjukeheim.

Kontrollutvalet vedtok i PS 6/17 i møte 16.02.2017 å gjennomføra forvaltningsrevisjon Ny sjukeheim. I kontrollutvalet sitt møte 20.04.2017 vart prosjektplan godkjent, PS 13/17 og det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ber IHR gjennomføra forvaltningsrevisjon Bygging av ny sjukeheim i Eidfjord med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
2. Kontrollutvalet ber revisor om å gjennomføra samtalar og intervju jfr. prosjektplan kapittel 6 om metode.
3. Kontrollutvalet mottok milepælsorienteringar frå revisor i kvart møte. Ved utarbeiding av delrapportar i prosjektet vert desse handsama undervegs.
4. Kontrollutvalet ønskjer at endeleg revisjonsrapport, ferdig verifisert og inkludert rådmannen sin uttale, kan handsamast i kontrollutvalet sitt siste møte i 2019.

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

Føremålet er å sikre at ny sjukeheim vert fullført i høve budsjettramme sett til prosjektet.

Det er og viktig at prosjektet vert gjennomført i høve tydelege ansvars og styringslinjer i kommunen og mellom kommune og entreprenør. Til slutt vil forvaltningsrevisjonen sjå til at lovar og reglar i høve lønns og arbeidsvilkår vert følgt.

Problemstillingar:

1. Har kommunen system for overordna styring og kontroll med vedteke investeringsprosjekt ?

Her vil me sjå på:

- *Er organiseringa med ansvar, rollar for gjennomføring av ny sjukeheim inkludert fullmakter, kompetanse og ressursbehov klart definert ?*
- *Er det etablert tilstrekkelege rutinar for rapportering og vert desse etterlevd ?*
- *Har kommunen tilfredsstillande system for planlegging, styring og kontroll over vedtekne investeringar til ny sjukeheim ?*
- *Har kommunen rutinar som sikrer at informasjonen i systemet er fullstendig og korrekt ?*
- *Har kommunen rutinar og system for endrings- og avvikshandtering og korleis vert dette følgt opp ?*
- *Har kommunen tilfredsstillande rutinar for kvalitetssikring av leveransar og utbetaling til leverandør ?*
- *Har kommunen satt krav til dokumentasjon og utarbeiding av rutinar for vedlikehald og drift av bygningsmassen frå leverandør/entreprenør? Har kommunen retningslinjer for administrativ og/eller politisk godkjenning av*
- *endeleg prosjektreknskap?*

2. Har kommunen system og rutinar som sikrar at byggeprosjektet vert utført i samsvar med regelverk og interne rutinar/retningslinjer ?

Her vil me sjå på:

- *Har kommunen sikra at lovverket vert etterlevd m.a. i forhold til HMT, sosial dumping og bruk av lærlingar?*
- *Er det utarbeida retningslinjer/krav til kvalitetssikring i samband med kontraktsinngåing?*
- *Er det etablert rutinar for risikovurdering av byggeprosjektet i forhold til prosjektering, planlegging, gjennomføring og kvalitetskontroll, og vert desse følgt opp?*

Kontrollutvalet handsama rapporten i møte 06.05.2021, PS 29/21 og vedtok slik innstilling:

1. Kommunestyret tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av ny sjukeheim i Eidfjord kommune til etterretning
2. Kommunestyret ber rådmannen syta for at:
 - a) det vert utarbeida eit økonomireglement som omhandlar kommunen sine retningslinjer knytt til økonomi. Det kan eksempelvis inkludera investeringsprosjekt, rapportering og innkjøpsrutinar.
 - b) Eidfjord kommune har ein oppdatert arkivplan i tråd med gjeldande regelverk.
 - c) postmottak i større grad er ein adressat ved inngåande post og ved bruk av e-post i saksbehandling for å sikra at dokument vert journalført og lagra i fellesarkivet.
 - d) etterleving av rutinar for journalføring og arkivering hjå tilsette i kommunen vert styrka og styrka internkontrollen i forhold til leiarane sitt arkivansvar.
 - e) eventuelle avvik knytt til arkivrutinane i fagsystem og webhotell vert retta opp.
3. Kommunestyret ber rådmannen rapportere status på oppfølginga med eventuelt vidare framdrift innan 01.11.2021 til kontrollutvalet.

Kommunestyret vedtok samrøystes innstillinga til kontrollutvalet i møte 14.06.2021, PS 21/032

Rapporten vert å følgje opp vidare i 2022.

8.1 Forvaltningsrevisjon under arbeid.

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte 04.02.2021, PS 04/21:

1. Kontrollutvalet ber Vestlandsrevisjon IKS gjennomføra forvaltningsrevisjon av kommunen si rolle i næringsutvikling, handsaming av plan og byggesaker med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og eventuelle innspel som kjem fram i møtet.
2. Kontrollutvalet mottok milepælsorienteringar frå revisor i kvart møte. Ved utarbeiding av delrapportar i prosjektet vert desse handsama undervegs.
3. Kontrollutvalet ønskjer at endeleg revisjonsrapport, ferdig verifisert og inkludert rådmannen sin uttale, kan handsamast i kontrollutvalet sitt siste møte i 2021

Forvaltningsrevisjonen har slike føremål og problemstillingar:

Føremål:

Sjå på næringsutvikling knytt til plan og byggesaker i Eidfjord kommune.

Problemstillingar:

1. Organisering av plan- og byggesaker
2. Kommunen sine reglement og rutinar for handsaming av plan- og byggesaker
3. Er saksbehandlinga i byggesaker i tråd med god forvaltningsskikk og gjeldande regelverk innan plan- og byggesaksområdet?

Rapporten er forventa ferdig til kontrollutvalet sitt første møte i 2022.

9. Eigarskapskontroll

I den nye kommunelova er selskapskontroll erstatta med forvaltningsrevisjon i selskap, og eigarskapskontroll. Dette står om eigarskapskontroll i lova § 23-2 d:

Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eierinteresser i selskaper mv.

Det står i tillegg litt meir utfyllande om eigarskapskontrollen i kommunelova § 23-4:

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

9.1 Plan for eigarskapskontroll

Kommunen skal, etter lova, utarbeide ein plan for eigarskapskontroll slik at kontrollen med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap vert utført på ein planmessig måte og for å sikre at kommunestyret vel ut dei mest relevante prosjekta. Planen skal vere basert på ein risiko- og vesentlegvurdering.

Følgjande står om plan for eigarskapskontroll i kommunelova § 23-4:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen

Planen for eigarskapskontroll vart vedteken i kommunestyremøte 14.12.2020.

Det er ikkje gjennomført eigarskapskontroll i Eidfjord kommune i 2021.

9.2 Selskapskontroll Eigarstyring.

Kontrollutvalet handsama rapporten i møte 27.09.2018, PS 27/18 og vedtok slik innstilling..

På bakgrunn av selskapskontroll innan eigarskapsforvaltning i Eidfjord kommune ber kommunestyret rådmannen syta for:

1. Å utarbeida ei eigarskapsmelding, som jamleg vert revidert, minst ein gong i kvar valperiode. Meldinga bør innehalde ein oversikt over selskapa som kommunen har eigarinteresse i, kommunen sine prinsipp for eigarstyring og kommunen sitt formål med eigarskapet, jf. Lovvedtak 81 (2017-2018) og Prop. 46 L (2017-2018) (s. 314 – 325).
2. At eigarskapsmeldinga set krav til ei generell opplæring til folkevalde og styremedlemmer. Ei slik opplæring bør finne stad innan eit år etter valet.
3. At eigarstrategien for dei einskilte selskapa vert revidert. Eigarstrategien kan vere ein del av kommunen sin eigarskapsmelding, eller eit vedlegg til denne.
4. At det vert utarbeida ein eigarstrategi for Destinasjon Eidfjord.
5. At kommunen jamleg gjennomgår vedtektsfesta formål i selskapa, for å sikra at formål er i samsvar med eigar sine intensjonar og at det kjem klart fram kva selskapet skal drive med.
6. At Eidfjord kommune nyttar styrevervregisteret til KS for å registrera folkevalde sine styreverv.
7. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.12.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Rapporten er følgt opp i 2021, sist i møte 25.11.21 - kontrollutvalet er nøgd med administrasjonen si oppfølging på deler av rapporten og har bedt om skriftleg oppfølging av gjenstående innan 14.04.2022.

10. Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetanseplass for kontrollutvala og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Eidfjord kommune er medlem i FKT. Nyheitsbrev frå FKT med aktuelle tema for kontrollutvalet sitt arbeid er og lagt fram som melding til kontrollutvalet.

11. Opplæring

Medlemmer frå kontrollutvalet i Eidfjord deltok ikkje på kurs eller opplæring i regi av kontrollutvalet i 2021

12. Eidfjord kommune si heimeside og bruk av elektronisk møteinnkalling

Kontrollutvalet er synleg på heimesida til kommunen. Medlemmene mottok innkalling elektronisk. Forslag til ny tekst til kommunen si heimeside er meldt inn til kommunen.

13. Arbeid med rekneskapsrevisjon - den økonomiske situasjonen i Eidfjord kommune.

Kontrollutvalet sin uttale om Eidfjord kommune sin årsrekneskap for 2020, hadde ma. med disse opplysningane:

- Netto driftsresultat er positivt med kr. 9 412 753,- dvs. eit netto driftsresultat på 4,80%(Sett opp mot sum driftsinntekter).
- Samla gjeldsbelastning er berekna til 4,54% av driftsinntektene
- Disposisjonsfond er berekna til 22 % av driftsinntektene

14. Andre saker / orienteringssaker i kontrollutvalet i 2021

- Budsjett for kontrollarbeidet i Eidfjord kommune for 2022
- Driftsrapportar og økonomiplan
- Årsmelding 2020 for kontrollutvalet
- Henvendingar frå innbyggjarar
- Samanslåing av Indre Hordaland Revisjonsdistrikt og Nordhordland revisjon IKS til Vestlandsrevisjon IKS
- Revisjonsstrategi og interimrevisjon for Eidfjord kommune
- Orienteringar frå administrasjon
- Tinging forvaltningsrevisjon etter plan

Eidfjord 10.02.2022

Jostein Hovland, leiar



Saksframlegg

Saksnr: 2022/156-1
Saksbehandlar Kjartan Haugsnes
:

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Eidfjord kommune, Kontrollutvalet	4/22	10.02.2022

Møteplan 2022

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2022:

Kommune	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
Eidfjord:											
Kommunestyre											
Formannskap (Rekneskap)											
Kontrollutval		10			19				6		1

Samandrag

Møteplan for kontrollutvalet vert forsøkt lagt opp slik at den og dels samsvarar med møteplan for kommunestyret og formannskapet i Eidfjord kommune.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det er føremålsteneleg å ha møteplan for kontrollutvalet for heile 2022. Spesielt gjeld dette i høve handsaming av årsmelding og rekneskap for kommunen. Eidfjord kommune skal handsame dette i formannskapet 01.06.2022 og kommunestyret 13.06.2022.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet jf. Kommunelova § 23 - 2

Konklusjon

Det er føremålstenleg at kontrollutvalet har ein møteplan for heile 2022.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/155-1
Saksbehandlar Kjartan Haugsnes
:

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Eidfjord kommune, Kontrollutvalet	5/22	10.02.2022

Eventuelt

Forslag til vedtak

Ikkje framlagt

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til å sjølv ta opp saker eller gjere vedtak i saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet har vedteke å ha eventuelt som fast sak i kvart møte. Dette føl av kommunelova § 11-3 siste avsnitt som seier:

«Et folkevalgt organ kan fatte vedtak i en sak som ikke er oppført på sakslisten, hvis ikke møtelederen eller 1/3 av de møtende medlemmene motsetter seg det. På tilsvarende måte kan organet fatte vedtak i en sak der saksdokumentene ikke er sendt ut sammen med innkallingen, hvis ikke møtelederen eller 1/3 av de møtende medlemmene motsetter seg det.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalget har vedtakskompetanse i denne saka, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2

Vurderingar og verknader

Dersom det vert teke opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ønskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Dessuten eventuelt å få orientering frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.

Fra: Myklatun, Knut Ingar[knut-ingar.myklatun@eidfjord.kommune.no]
Sendt: 17.01.2022 13:38:52
Til: Kjartan Haugsnes[Kjartan.Haugsnæs@vlfk.no]
Tittel: SV: Frå kontrollutvalet

Hei.

Beklagar sein tilbakemelding.

1. Vedlagt ligg rekneskap for kontrollutvalet 2021 og vedteke budsjett 2022.

2. Formannskapet 1 juni. Kommunestyre 13 juni.

Mvh

Knut Ingar Myklatun

-øk.sjef-

Direkte : 53 67 35 43/ 99 47 56 34

Fra: Kjartan Haugsnes <Kjartan.Haugsnæs@vlfk.no>
Sendt: tirsdag 4. januar 2022 13:44
Til: Underhaug, Geir <geir.underhaug@eidfjord.kommune.no>
Kopi: Myklatun, Knut Ingar <knut-ingar.myklatun@eidfjord.kommune.no>
Emne: Frå kontrollutvalet

Hei og godt nytt år.

To spørsmål ved starten av året:

1. Er det mogleg å få tilsendt rekneskap for kontrollutvalet 2021 og vedteke budsjett 2022?
2. Er det bestemt når rekneskap for Eidfjord kommune 2021 skal handsamast i formannskap og kommunestyre?

Med helsing

Kjartan Haugsnes
Seniorrådgjevar

Sekretariat for kontrollutvalet



Tlf: 901 89 542
www.vestlandfylke.no

Rekneskap 2021

Konto	Konto(T)	Beløp	Revidert budsjett	Bud.endringar
10800	Godtgjersle til folkevalde	28,895.00	26,440.00	0.00
10802	Tapt arb.fort. folkevalde	0.00	6,720.00	0.00
10990	Arbeidsgjevaravgift	3,062.87	3,979.00	0.00
01	01-09 Løn inkl.trygd og avgift	31,957.87	37,139.00	0.00
11000	Kontormateriell	0.00	2,000.00	0.00
11001	Aviser, tidsskrifter og faglitteratur	2,550.00	9,100.00	0.00
11151	Servering	867.00	6,000.00	0.00
11204	Utgiftsdekning - ikkje oppg.pl.	4,654.50	0.00	0.00
11500	Opplæring / kurs inkl. opphald	0.00	10,000.00	0.00
11600	KM-godtgjersle oppgåvepliktig	0.00	5,000.00	0.00
11704	Reiseutlegg tilsette	0.00	4,000.00	0.00
11950	Kontingentar/avgifter/gebyr/lisensar	3,500.00	3,500.00	0.00
10	10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	11,571.50	39,600.00	0.00
13300	Kjøp fylkeskommunale tenester	126,910.00	157,200.00	0.00
13503	Interkommunal revisjon	630,748.00	545,000.00	0.00
30	30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon	757,658.00	702,200.00	0.00
14290	Mva - kompensasjon	32,891.13	47,205.00	0.00
14500	Overført til andre kommunar	0.00	60,000.00	0.00
40	40-49 Overføringsutgifter	32,891.13	107,205.00	0.00
17290	Mva.komp påløpt i driftsrekneskapet	-32,891.13	-47,205.00	0.00
70	70-79 Refusjonar	-32,891.13	-47,205.00	0.00
1100	Kontroll og revisjon	801,187.37	838,939.00	0.00
10	Rådmannen	801,187.37	838,939.00	0.00
		801,187.37	838,939.00	0.00

Budsjett 2022

Konto	Konto(T)	Beløp	Revidert budsjett	Bud.endringar
10800	Godtgjersle til folkevalde	0.00	26,440.00	0.00
10802	Tapt arb.fort. folkevalde	0.00	6,720.00	0.00
10990	Arbeidsgjevaravgift	0.00	3,515.00	0.00
01	01-09 Løn inkl.trygd og avgift	0.00	36,675.00	0.00
11000	Kontormateriell	0.00	2,000.00	0.00
11001	Aviser, tidsskrifter og faglitteratur	0.00	13,080.00	0.00
11151	Servering	0.00	6,000.00	0.00
11500	Opplæring / kurs inkl. opphald	0.00	35,000.00	0.00
11600	KM-godtgjersle oppgåvepliktig	0.00	5,000.00	0.00
11704	Reiseutlegg tilsette	0.00	4,000.00	0.00
11950	Kontingentar/avgifter/gebyr/lisensar	0.00	3,700.00	0.00
10	10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	0.00	68,780.00	0.00
13300	Kjøp fylkeskommunale tenester	0.00	142,100.00	0.00
13503	Interkommunal revisjon	0.00	557,196.00	0.00
13750	Kjøp frå interkommunale selskap	0.00	20,000.00	0.00
30	30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon	0.00	719,296.00	0.00
14290	Mva - kompensasjon	0.00	55,675.00	0.00
14500	Overført til andre kommunar	0.00	60,000.00	0.00
40	40-49 Overføringsutgifter	0.00	115,675.00	0.00
17290	Mva.komp påløpt i driftsrekneskapet	0.00	-55,675.00	0.00
70	70-79 Refusjonar	0.00	-55,675.00	0.00

1100	Kontroll og revisjon	0.00	884,751.00	0.00
10	Rådmannen	0.00	884,751.00	0.00
		0.00	884,751.00	0.00

Oppr.budsjett	Avik i kroner	Forbruk i %
26,440.00	-2,455.00	109.29
6,720.00	6,720.00	0.00
3,979.00	916.13	76.98
37,139.00	5,181.13	86.05
2,000.00	2,000.00	0.00
9,100.00	6,550.00	28.02
6,000.00	5,133.00	14.45
0.00	-4,654.50	0.00
10,000.00	10,000.00	0.00
5,000.00	5,000.00	0.00
4,000.00	4,000.00	0.00
3,500.00	0.00	100.00
39,600.00	28,028.50	29.22
157,200.00	30,290.00	80.73
545,000.00	-85,748.00	115.73
702,200.00	-55,458.00	107.90
47,205.00	14,313.87	69.68
60,000.00	60,000.00	0.00
107,205.00	74,313.87	30.68
-47,205.00	-14,313.87	69.68
-47,205.00	-14,313.87	69.68
838,939.00	37,751.63	95.50
838,939.00	37,751.63	95.50
838,939.00	37,751.63	664.56

Oppr.budsjett	Avik i kroner	Forbruk i %
26,440.00	26,440.00	0.00
6,720.00	6,720.00	0.00
3,515.00	3,515.00	0.00
36,675.00	36,675.00	0.00
2,000.00	2,000.00	0.00
13,080.00	13,080.00	0.00
6,000.00	6,000.00	0.00
35,000.00	35,000.00	0.00
5,000.00	5,000.00	0.00
4,000.00	4,000.00	0.00
3,700.00	3,700.00	0.00
68,780.00	68,780.00	0.00
142,100.00	142,100.00	0.00
557,196.00	557,196.00	0.00
20,000.00	20,000.00	0.00
719,296.00	719,296.00	0.00
55,675.00	55,675.00	0.00
60,000.00	60,000.00	0.00
115,675.00	115,675.00	0.00
-55,675.00	-55,675.00	0.00
-55,675.00	-55,675.00	0.00

884,751.00	884,751.00	0.00
884,751.00	884,751.00	0.00
884,751.00	884,751.00	0.00